



Arkivnr: 2017/465-29

Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.06.2018

#### Opo flaumtunnel og kraftverk - fylkeskommunal forkjøpsrett

#### Samandrag

Etter vassfallrettslova har staten og deretter fylkeskommunen forkjøpsrett til fallretten. Staten vil ikke gjere forkjøpsretten gjeldande og saka gjeld om fylkeskommunen skal nytte forkjøpsretten.

Ved å nytte forkjøpsretten må fylkeskommunen finansiere utbygginga og godtgjere grunneigarane for verdien av fallretten. Overslag tyder på ein samla kostnad på opp mot 750 mill. kr.

Utbygging av kraftverk er ikke ei hovudoppgåve for fylkeskommunen og med bakgrunn i kostnadsoverslaget og risikofaktorar knytt til dette, foreslår fylkesrådmannen at forkjøpsretten ikkje vert nytta.

**Økonomi:** Fylkesrådmannen sitt forslag har ingen verkander.

**Klima:** Miljøkonsekvensane handsama i eigne saker i fylkesutvalet tidlegare.

**Folkehelse:** Ingen verknader

**Regional planstrategi:** Ingen verknader

#### Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune nyttar ikke forkjøpsretten til Opo flaumtunnel og kraftverk i Odda kommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 13.06.2018

### Bakgrunn

Sunnhordland kraftlag AS har søkt om å utnytte fallet i nedre del av O povassdraget for å bygge Opo flaumtunnel og kraftverk i Odda kommune.

Etter vassfallrettslova har staten og deretter fylkeskommunen forkjøpsrett til vassfalla etter §§ 6 og 7 i lova.

Av brev frå Olje- og energidepartementet 11. april 2018 går det fram at staten ikkje vil gjere sin forkjøpsrett gjeldande og fylkeskommunen har dermed subsidiær forkjøpsrett. Fylkeskommunen må vedta innan tre månader å gjere forkjøpsretten gjeldande – altså innan 11. juli 2018. Eit eventuelt vedtak om å nytte forkjøpsretten skal godkjennast av Kongen.

### Fylkeskommunal handsaming av utbygginga

Hordaland fylkeskommune har gjeve fråsegn til utbygginga av O povassdraget ved fleire høve, seinast i fylkesutvalssak 135/18 Flaumlukeløysing og generell flaumsikring av Opo i Odda kommune - høyningsfråsegn. Fylkesutvalet gjorde slikt vedtak i saka:

1. Hordaland fylkeskommune syner til vedtak 01.02.18 der fylkesutvalet rår til at det vert gjeve konsesjon for Opo flaumkraftverk. Hovudargumentet er liv og helse med særleg vekt på Sandvinvatnet og Storelva.
2. Hordaland fylkeskommune vurderer det slik at i Opo står flaumkraftverket fram som eit noko betre flaumsikringstiltak enn flaumlukealternativet. I Sandvinvatnet og Storelva er det liten skilnad.
3. Hordaland fylkeskommune bed NVE leggja stor vekt på tryggleik når ein vurderer flaumkraftverk og flaumluke i høve til kvarandre.

### Fylkesrådmannen sine merknader

I sakshandsaminga så langt er det ikkje teke stilling til om fylkeskommunen skal nytte forkjøpsretten til vassfallet, jf. det som er nemnt ovanfor.

Ved å nytte forkjøpsretten, må fylkeskommunen finansiere kraftutbygginga og betale grunneigarane for verdien av fallretten.

Kraftutbygginga er kostnadsrekna til om lag 600 mill. kr og i tillegg kjem godtgjering til grunneigarane for verdien av fallretten. Denne er på usikkert grunnlag estimert til opp mot 150 mill. kr. Samla kan kostnaden med å nytte forkjøpsretten vere opp mot 750 mill. kr.

Det er mange usikre faktorar i eit slikt prosjekt. Byggekostnaden kan verte høgare enn overslaget og ikkje minst er framtidig nivå på kraftprisen ein avgjerande faktor. Godtgjersle for fallretten er heller ikkje fastsett og er i stor grad eit forhandlingsspørsmål.

Fylkesrådmannen har gjort overslag over lønsemada i prosjektet med desse usikre føresetnadene og kjem til at det først i 2040 kan ventast at investeringa gjev positiv kontantstraum. Om faktorane ovanfor endrar seg i negativ lei, går det sjølvsagt lengre tid før kontantstraumen vert positiv.

Som nemnt skal eventuell bruk av forkjøpsretten godkjennast av Kongen. Det er ingen sikker praksis for kva som vert lagt til grunn ved handsaming av ein eventuell godkjenningssøknad ettersom det så langt kun er ei sak der fylkeskommunal forkjøpsrett er godkjent av Kongen.

Utbygging av kraftverk er ikkje innanfor fylkeskommunen sine hovudoppgåver og når det i tillegg etter fylkesrådmannen sitt syn er risiko knytt til investeringa, vil ein ikkje tilrå at forkjøpsretten vert nytta.